



## STORTINGET

# Innst. 301 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget  
fra transport- og kommunikasjonskomiteen

Prop. 100 S (2021–2022)

---

### Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om Finansiering av Kvinnheradpakken i Vestland

---

Til Stortinget

## Sammendrag

### Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken i Vestland. Pakken omfattar i alt seks utbyggingsprosjekt og ei ramme til mindre tiltak på fleire fylkesstrekningar i Kvinnherad kommune.

Føremålet med dei fleste prosjekta er å utbetra standarden på eksisterande veg. Det blir lagt opp til bygging av gang- og sykkelvegar i tettbygde område. For to av dei prioriterte utbyggingsprosjekta er føremålet først og fremst skredsikring. Det blir òg tatt omsyn til trafikktryggleik og framkome i planlegginga av desse prosjekta.

Det er til saman sju tiltak/prosjekt i Kvinnheradpakken. Samla økonomisk ramme er 846 mill. kroner i 2022-prisnivå. Finansieringsplanen omfattar fylkeskommunale midlar (219 mill. kroner), fylkeskommunale skredsikringsmidlar (338 mill. kroner), kommunale midlar (83 mill. kroner) og bompengar (206 mill. kroner). Med ein bompengeandel på om lag 24 pst. har pakken høg eigenandel.

Dåverande Hordaland fylkeskommune vedtok pakken i desember 2018, og har oppretta ein prosjektorga-

nisasjon og starta opp delar av pakken med bruk av fylkeskommunale midlar. Utbygginga av eit av prosjekta, fv. 500 Furebergfossen bru, er ferdig bygd, og prosjektet fv. 500 Folgefondtunnelen–Årsnes er starta opp. Det er elles lagt opp til oppstart i 2022 med fullføring i løpet av 2025, og innkrevjing av bompengar på tre ferjestrekningar frå 2022.

Det er om lag 13 200 innbyggjarar i Kvinnherad kommune i dag, og folketalet er venta å stige svakt fram mot 2030. Hovudvegnettet i Kvinnherad kommune består av fv. 500 mellom Mauranger via Rosendal og Opsanger-krysset ved Husnes og over Halsnøy til Ranavik ferjekai. Vidare går fv. 548 frå kryss med fv. 500 ved Toralia til Utåker ferjekai. I tillegg går fv. 528 mellom Opsanger og Hellandskrysset via Sunde og Husnes.

Kvinnherad har vegsamband til Ullensvang kommune gjennom fv. 500 Folgefondtunnelen, og via fv. 500 Jondalstunnelen. Kommunikasjon mot Fusa og Os går via ferjesambandet fv. 48 Årsnes–Varaldsøy–Gjermundshamn. Kvinnherad er knytt til kommunane i vest via ferjesambandet fv. 500 Ranavik–Skjersholmane på Stord, og til Etne i sør via ferjesambandet fv. 548 Utåker–Matre–Skånevik.

Store delar av vegnettet i Kvinnherad er ikkje tilpassa dagens krav til standard. Mange av fylkesvegane har berre eitt køyrefelt, og det er behov for å betre framkomma og tryggleiken for gåande og syklande. I åra 2010–2019 har totalt 4 blitt drepne og 12 alvorleg skadde i trafikkulykker i kommunen. Det er òg mange kjente skredpunkt med høg skredfaktor i kommunen, og vegnettet blir stadig stengt som følgje av stein- og snøskred.

Det er lokalpolitisk semje i Kvinnherad om det opplegget som er føreslått for utbygging og finansiering av Kvinnheradpakken, og Vestland fylkeskommune har vedteke å stille garanti for bompengelånen. Departemen-

tet legg derfor i proposisjonen til grunn Vestland fylkeskommune sitt opplegg for finansiering og utbygging av Kvinnheradpakken.

Arbeidet med pakken er starta opp med fylkeskommunale midlar. Fylkeskommunen starta opp utbygginga av Furebergfossen bru, og etter dette byggjetrinn 1 av Årsnes–Folgefonntunnelen med bruk av fylkeskommunale skredsikringsmidlar. Grunnen til at fylkeskommunen har starta opp prosjekt i pakken er at midlar blei innarbeidd i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet i tidlegare Hordaland fylkeskommune, og det blei oppretta ein prosjektorganisasjon for pakken. Det er ved utgangen av 2021 brukt om lag 160 mill. kroner av fylkeskommunale midlar til tiltak i pakken. Bruk av bompengar i pakken er forventa starta opp i 2022 med prosjektet fv. 500 Sæbøvik–Eidsvik–Tofte.

Innkrevjing av bompengar skal skje på ferjesambanda til kommunen. Sjølv om dette kan gje negative effektar for nabokommunane Stord og Etne, viser departementet i proposisjonen til at innkrevjing på ferje gir låge innkrevjingskostnader, og at midlane med dette kan brukast til vegutbygging.

Samferdselsdepartementet legg i proposisjonen til grunn at Kvinnheradpakken blir styrt i samsvar med dei nye føringane for porteføljestyrté bompengepakkar. Dette inneber at ei eventuell kostnadsauke og/eller inntektssvikt i bompengepakken skal handterast gjennom porteføljestyring og ikkje gjennom auka takstar eller forlenga innkrevjingsperiode. Garantisten sine utlegg kan følgeleg ikkje dekkast gjennom ei auke i gjennomsnittstaksten eller ei forlenging av bompengeperioden. Departementet understrekar i proposisjonen at det vil vere behov for ei stram styring av porteføljen for å unngå at den fylkeskommunale garantien blir løyst ut.

Etter at Stortinget har gjort vedtak om finansiering, vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med dei føresetnadene som er lagt til grunn i proposisjonen og gjeldande standardavtale.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jone Blikra, Kirsti Leirtrø og Nils Kristen Sandtrøen, fra Høyre, Trond Helleland, Erlend Larsen og Charlotte Spurkeland, fra Senterpartiet, Geir Adelsten Iversen, Geir Inge Lien og lederen Erling Sande, fra Fremskriftspartiet, Morten Stordalen og Frank Edvard Sve, og fra Sosialistisk Venstreparti, Mona Fagerås, viser til Prop. 100 S (2021–2022), der det legges frem forslag om delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken i Vestland.

Komiteen viser til at pakken omfatter i alt seks utbyggingsprosjekt, samt en ramme til mindre tiltak på flere fylkesveier. Store deler av veinettet i Kvinnherad er ikke tilpasset dagens standard, og mange av fylkesveiene har bare ett kjørefelt. Komiteen viser til at formålet med de fleste prosjektene i pakken er å utbedre standarden på eksisterende veier. I tillegg skal forholdene for myke trafikanter i tettbygde strøk utbedres.

Komiteen viser til at det er lokalpolitisk enighet om pakken, og at nødvendige vedtak er gjort av Kvinnherad kommune og Vestland fylke. Arbeidet med pakken er allerede startet opp med fylkeskommunale midler.

Komiteens medlemmer fra Fremskriftspartiet viser til at Fremskriftspartiet er motstandere av bompenger. Bompenger er en ekstrabeskattning av bilister som kommer i tillegg til skatter og avgifter de allerede har betalt inn til stat og kommune. Belastningen fra bompenger er en bekymring for mange, en bekymring disse medlemmer både har forståelse for og deler.

Disse medlemmer mener bygging, utbedring og vedlikehold av offentlige veier er et offentlig ansvar. Derfor burde prosjekter som de i Kvinnheradpakken finansieres uten bruk av bompenger.

Disse medlemmer mener det er positivt at Vestland fylkeskommune har prioritert prosjektene i denne pakken over sine budsjetter i den grad de har gjort. Det er langt mellom eksemplene på fylkeskommuner som prioriterer så det monner til veiformål. Samtidig mener disse medlemmer at prosjektene skal finansieres i sin helhet uten bruk av bompenger, og derfor må staten også være med på spleiselaget.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen gå i dialog med Vestland fylkeskommune med mål om å komme frem til en avtale hvor bompengeandelen i Kvinnheradpakken erstattes med statlig finansiering.»

## Forslag fra mindretall

### Forslag fra Fremskriftspartiet:

#### *Forslag 1*

Stortinget ber regjeringen gå i dialog med Vestland fylkeskommune med mål om å komme frem til en avtale hvor bompengeandelen i Kvinnheradpakken erstattes med statlig finansiering.

## Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

1. Stortinget sluttar seg til delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken.

2. Stortinget samtykker i at bompengeselskapet Ferde AS får løyve til å krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken. Vilkåra for finansieringa går fram av Prop. 100 S (2021–2022).
3. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet Ferde AS om delfinansiering av Kvinnheradpakken. Avtalen gir bompengeselskapet rett til å krevje inn bompengar innanfor dei vilkåra som er fastsette i Prop. 100 S (2021–2022).

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 10. mai 2022

**Erling Sande**

leder

**Charlotte Spurkland**

ordfører

